

PRIVATTIMEN

Privattimen er skrivi i 1951 av den rumenskfødde dramatikaren Eugène Ionesco. Samuel Becket og Ionesco blir rekna som dei viktigaste representantane for absurdteater. Ionesco kalla sjølv *Privattimen* for eit komisk drama. Den burleske og humørfylte einaktaren handlar om ein ung, naiv elev og ein besynderleg professor som skal hjelpe eleven til å ta «den universelle doktorgrad» på tre veker!

Stykket er skrivi som eit angrep på eit undertrykkande skulesystem med totalitær lærarautoritet, spekka med overraskande innfall og overdriven, grotesk humor. Ionesco set fokus på det meiningslause ved konvensjonane våre, – kva oppdreg vi unge menneske til? Kva slags banal kunnskap er det vi tvingar på dei? Kva slags nytte vil dei ha av det håplause tankegodset og dei ubrukelege ferdigheitene vi indoktrinerer dei med? Kva brukar vi språket til, - å dominere eller frigjere?

Privattimen er eit angrep på makt, maktbruk og maktmisbruk. Eleven blir nesten hypnotisert til å uttale meiningslause banalitetar og tomme læresetningar. Læraren viser seg å vere ein pervers sadist som til slutt drep sin hjelpelause og etter kvart temmeleg aggressive elev. Det er eit intenst og tankevekkande stykke som stiller spørsmål ved meiningsløysa ved dei tillærte og undertrykkande verdiane våre.

Men først og fremst blir alt fortalt i ein frekk, antikonvensjonell og frigjerande form for absurd humor. Både lærarar og elevar vil kjenne seg att!

PREMIÈRE

FØRDEHUSET, TEATERSALEN
10. MARS kl 19:00

SPELEPLAN

FØRDEHUSET, TEATERSALEN
11. MARS kl 18:00

DALE, FJALERHALLEN
18. MARS kl 18:00

FLORA SAMFUNNSHUS
23. MARS kl 19:00

SOGNDAL KULTURHUS
28. MARS kl 19:00

NORDFJORDEID, OPERAHUSET
5. APRIL kl 19:00

FØRDEHUSET, TEATERSALEN
8. APRIL kl 18:00

*Turné i samarbeid med
Den kulturelle skule-
sekken på vidaregåande
skular i Sogn og Fjordane.*

**DEN KULTURELLE
SKULESEKKEN**

BILLETAR

softheater.no/billetter

AV
EUGENE IONESCO

OMSETJING
SVEIN SELVIG

REGI
BENTEIN BAARDSON


MEDVERKANDE
KJERSTI FJELDSTAD
KYRRE EIKÅS OTTERSEN
REIDUN MELVÆR BERGE

LYSDESIGN
KRYSTIAN MYSKA

TEATERFORLAGET NORDISKA APS




Kjersti Fjeldstad



Kyrre Eikås Ottersen




Reidun Melvær Berge



Bentein Baardson
Regissør

TEATERÅRET 2017



EVENTYRROMMET

I ei tid der bøker konkurrerer med nettbrettet om merksemda til borna våre, slår vi eit slag for den gode, gamle eventyrstunda. I det magiske Eventyrrommet kjem fleire av våre mest kjende og kjære eventyr til liv gjennom teateret sine dyktige skodespelarar.

Følg med på våre Facebook- og nettsider for informasjon om komande eventyrstunder!



KINNASPELET

Ein scenografi med blått hav, høg himmel, Kinnaklova og den gamle steinkyrkja frå 1100-talet, er det som møter deg på Kinn. «Songen ved det store djup» er eit drama om kjærleik og svik, tvil og tru då reformasjonen kom til Norge i 1537. Dette teateret ved havet, der naturen og kulturlandskapet spelar med, er ei sjaldan oppleving. Speleperiode: 17.-18. juni på Kinn.



FUGLETRIBUNALET

Psykologisk thriller om Allis, kvinna som flyktar frå ein offentleg skandale til ein dramatisk, ny kvardag i ein avsidesliggjande vestlandsfjord. Dramatiseringa av den prisvinnande romanen Fugletribunalet, skriven av Agnes Ravatn, kjem endeleg heim til Vestlandet. Premiere 1. september.

INVASJON!

INVASJON!

Kven og kva er Albukasem? Det er spørsmålet som vert stilt i denne framsyninga, skriven av den kritikarroste svenske forfattaren Jonas Hassen Khemiri. Alvorlege tema som framandfrykt og fryktretorikk vert her iscenesette på ein leiken og morosam måte. Ei hardtslåande og aktuell oppsetjing du ikkje bør gå glipp av. Premiere 14. oktober.

FØLG OSS PÅ:



Sjå softeater.no for informasjon om dato og billetter

